



Anna Elisabeth S. Eik(nr.2 f.h.) fekk ein flott 3.plass i Jularennet. Her ser vi henne då ho vart Kvinnheradsmeister sist sesong.

Tre unge skiløparar frå Uskedalen gjorde ein flott innsats då dei deltok i Jularennet på Korlevoll skistadion i dag. Det er ein tradisjon at dette rennet vert arrangert 2.juledag, og det er Idrettslaget Korlevoll-Odda som er arrangør. I dag samla dei totalt 173 deltakarar frå heile Hordaland og Rogaland, og det var også deltakarar frå andre deler av landet.



[William S. Eik\(t.v.\)](#) gjorde ein flott innsats i Jularenet. Her ser vi han under KM sist sesong.

Det var høgt nivå på deltakarane. Det fortel resultatlista i seniorklassen tydeleg. Dei 5 første på lista har alle namn som vi kjenner frå vintersportsendingane på TV. Gaute Kvåle frå Team Veidekke Vest vann føre Torgeir Skare Thygesen frå Rustad IL og landslagsløparen i kombinert Mikko Kokslie frå Søre AI som delte andreplassen. Etter dei fulgte to andre kjende skinamn, Vebjørn Thurtveit frå Voss IL og skiskyttaren Martin Femsteinvik frå Hålandsdal IL på 4. og 5. plass.

Dei tre uskedelingane som deltok gjorde alle ein flott innsats. Anna Elisabeth Samland Eik fekk den beste plasseringa då ho fekk ein flott 3.plass i J14. Her vann Synne O. Røthe frå Voss IL. Birk Sæle kom på 7.plass i G14. Denne klassen vart vunnen av Sondre Myking frå Osterøy. Yngstemann William Samland Eik kom flott frå rennet med ein 9.plass i G10, og denne klassen vart vunnen av Sauda-løparen Elias Dybing. Flott innsats av alle tre!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto